



Kommunane i Sogn og Fjordane
v/ Rådmann og brannsjef

Vår referanse: 12/00267-34
Arkivkode: X20
Saksbehandler: Frode Kyrkjebø,
Deres referanse:
Dato: 17.10.2018

Konsekvensar for kommunane i Sogn og Fjordane av endringar i bemanningsnormer og kompetansekrav for brannvesen – invitasjon til dialogmøte og gjennomføring av høyring

KS har fått gjennomført ei vurdering av nye og førebelse bemanningsforskrifter for brann og redning som DSB har sendt til Justisdepartementet. Ei arbeidsgruppe har vurdert konsekvensar for Sogn og Fjordane og korleis kommunane kan løyse utfordringane. Rådmannsutvalet i KS har fungert som styringsgruppe. Rapporten som er utarbeidd vert no sendt til kommunane for vurdering.

KS inviterer til dialogmøte om tema 5. desember 2018 på Thon Skei Hotel kl. 10.00.

Påmelding: <http://www.ks.no/kalender/sogn-og-fjordane-dialogmote---framtidig-organisering-av-brannvesenet/>

(For at vi skal ha oversikt over kor mange som ynskjer lunsj, er det viktig at alle som møter melder seg på).

Arbeidsgruppa peikar i rapporten på at hovudutfordringa er kravet til at brannsjef, leiar beredskap og leiar førebygging skal vere tilsett i 100 % stilling i alle brannvesen. I dag har 24 av kommunane i fylket samla sett 7 årsverk som brannsjef, 6,7 årsverk leiar beredskap og 6,1 årsverk leiar førebygging. Kommunestrukturen i fylket er i endring og arbeidsgruppa har vurdert kostnadsauken dersom kommunane ikkje skal samarbeide utover det ein gjer i dag, men med ny kommuneinndeling. Denne kostnadsauken blir samla på 11,6 mill for kommunane i Sogn og Fjordane (eks Gulen og Solund). I tillegg reknar ein med det blir utfordrande å rekruttere fagfolk til alle dei nye stillingane. Dei nye bemannings- og kvalitetsnormene for brannvesen vil medføre at brannvesenet i mange av kommunane i Sogn og Fjordane må styrke den brannfaglege kapasiteten.

5 alternativ til framtidig organisering er vurdert:

1. Halde fram som i dag
2. Etablere regionale brannvesen som IKS
3. Regionale samarbeid om fagleiing
4. Fylkessamarbeid om fagleiing
5. Bli ein del av Vest brann- og redningsregion

I vurderinga av dei ulike alternativa har arbeidsgruppa lagt vekt på kriteria kostnader, tilgang på kompetanse / materiell, lokalkunnskap / avstand og samhandling mellom kommunane. Rådmannsutvalet og Arbeidsgruppa vurderer at ein modell der fagleiinga for

Brannvesena i fylket blir tilsett i alarmsentralen kan vere ei god løysing. Denne løysinga kan vere fleksibel for kommunane då dei sjølv kan velje i kor stor grad dei vil bygge opp ei eiga leining i kommunen eller kjøpe desse tenestene frå Alarmsentralen i Sogn og Fjordane.

Rapporten er vedlagt, program for dialogmøte finn de på neste side.

Dersom de ynskjer å gje merknader til arbeidet ber vi om at dette vert sendt innan 18.01.2019 til KS ved: Frode.Kyrkjebo@ks.no

Med vennleg helsing

Frode Kyrkjebø
Dagleg leiar
KS Sogn og Fjordane

Dialogmøte 5. desember 2018

Thon Skei Hotel 10.00 – 15.00

09.30 Registrering

10.00 Frode Kyrkjebø – KS Sogn og Fjordane

Innleiing og bakgrunn

10.15 Hans Kristian Madsen, avdelingsdirektør DSB

Brannstudien, nye bemannings- og kvalitetskrav og styrking av brannfagleg kompetanse

11.00 Beinstrekk

11.15 Jan Flølo, PwC

Konsekvensar for Sogn og fjordane og mogeleg alternativ, arbeidsgruppa sitt arbeid

12.00 Øyvind Bang-Olsen, styreleiar ALSF

Samarbeid med Bergen Brannvesen om ny 110 region

12.20 Lunsj

13.15 Frode Kyrkjebø – KS Sogn og Fjordane

Innspel og drøfting

14.30 Oppsummering og vidare arbeid